



Alversund Montessoribarnehage AS
Alvermarka 41
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4219 - 16/4858

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
23.02.2016

Vedtak om kommunalt tilskot 2016

Tilskot til ikkje- kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven § 14 og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2016.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

Tilskotet for dykkar barnehage har vi for 2016 rekna ut til:

	Sats	Tilskot 2016
Små barn (0-2 år)	177 680	3 166 652
Store barn (3-6 år)	84 384	3 101 581
Sum driftstilskot		6 268 233
Kapitaltilskot (staten sin sats)	8 800	480 284
Sum tilskot		6 748 518

Oversikten nedanfor viser kva som vert utbetalt kvar månad frå april til desember:

	Tilskot 2016
Samla tilskot 2016	6 748 518
Utbetalt 1. kvartal 2016	-1 672 734
Rest til utbetaling	5 075 784
Tilskot pr mnd april-desember	563 976

Reknearket som viser korleis tilskota har blitt rekna ut vil bli ettersendt på e-post.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.



Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager § 13.

Vi gjer og merksam på at Lindås kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Montessoribarnehage AS Alvermarka 41 5911

ALVERSUND